

## REFERAT

År 2005 den 12. mai kl. 1200 vart det halde årsmøte i Bergen, styrt av leiaren i bedriftsforsamlinga, Karstein Bremnes.

Til stades:

Tal møtande aksjeeigarar og fullmektigar :	112
Sum møtande aksjar :	535.918
Sum røyster i plenum :	932

12 aksjeeigarar fekk avgrensa røysteretten etter § 12 i vedtektene. Maksimalt røystetal 39.

Bedriftsforsamlinga sin leiar, Karstein Bremnes ønskte aksjeeigarane vel møtt og refererte saklista for møtet :

1. Opning av årsmøtet v/bedriftsforsamlinga sin leiar – jfr. § 10 i vedtektene.
2. Godkjenning av innkalling og sakliste.
3. Val av aksjeeigar til å underteikna protokollen saman med møteleiar.
4. Årsoppgjeret 2004 for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet.
5. Vidareføring av fullmakt til styret om kjøp av egne aksjar.
6. Val på medlemmer og varamedlemmer til bedriftsforsamlinga.

### **1. Opning av årsmøtet v/bedriftsforsamlinga sin leiar.**

Etter § 10 i selskapet sine vedtekter er det leiaren i bedriftsforsamlinga som skal leia årsmøtet og dermed også opna møtet.

Leiaren opplyste at fullstendig oversikt over dei aksjeeigarar som møtte sjølv, eventuelt ved fullmektig, og kor mange aksjar og røyster som var representert, var tilgjengeleg i registreringslokalet. Han opplyste at tal for dette på vanleg måte ville bli opplyst i møtet.

Leiaren opplyste at revisor var til stades.

Det var ikkje merknader.

## 2. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Leiaren opplyste at aksjeeigarane var kalla inn til årsmøte med 2 vekers varsel i samsvar med § 10 i vedtektene.

Det kom ikkje merknader til innkalling og sakliste og møtet vart erklært lovleg innkalla og sett.

## 3. Val av aksjeeigar til å underteikna protokollen saman med møteleiar.

Ragnar Hareide og Arnfinn Langesæter vart valde til å skriva under møteboka saman med møteleiaren.

Leiaren opplyste at følgjande var oppnemnde som medlemmer av teljekorps dersom det vart skriftlege røystingar i plenum :

Norvald Nesse  
Johs. A. J. Byrkjeland  
Kåre Rolvsvåg  
Nils Ole Hisdal  
Per Ove Uthaug,

leia av statsautorisert revisor Geir Inge Lunde.

Før ein gjekk vidare på saklista refererte møteleiar brev frå ein aksjonær til styret i selskapet. Brevet hadde slik ordlyd :

*”Ordinær generalforsamling for 2004 for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA.*

*Undertegnede, som eier 1500 aksjer i selskapet , vil på den ordinære generalforsamling for 2004 fremme forslag om den følgende vedtektsending :*

*Vedtektenes § 12 om stemmerett strykes.*

*§§ 13 – 16 blir §§ 12 – 15*

*Jeg ber om at forslaget blir ført opp som egen sak i innkallingen til generalforsamlingen.*

*Stavanger den 26.04.05*

*Med vennlig hilsen*

*G O Royalty & Management AS*

*Geir Olav Ottesen “*

Brevet var kome inn for seint til å koma med i innkallinga til årsmøtet. Framlegget kunne derfor ikkje handsamast i dette årsmøtet. Ein har hatt kontakt med brevskrivaren og blitt samd med han om at framlegget skulle bli referert i møtet, og at det deretter skulle bli oversendt til styret for vidare vurdering og oppfølging.

Det kom ikkje merknader til dette.

#### **4. Årsoppgjeret 2004 for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet.**

Årsoppgjeret omfatta styret si årsmelding, resultatrekneskap og balanse for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet.

Leiaren viste til at aksjeeigarane hadde fått tilsendt fullstendig årsoppgjer, med m.a. resultatrekneskap og balanse og styret si årsmelding, for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet. Han opplyste at aksjeloven ikkje har føresegn om at årsrekneskapen og årsmeldinga skal lesast opp.

Konsernsjef Dagfinn Neteland kommenterte hovudpostane i resultatrekneskapen og balansen, og gav ei orientering om drifta i konsernet.

Om året 2004 kom han m.a. inn på utviklinga innan HMS som var positiv både når det gjeld sjukefråvær og tal skadar. Vidare kom han inn på den store medieomtalen einskildsaker hadde hatt og den negative verknaden ein del saker hadde hatt for selskapet sitt omdøme.

Til gjennomgangen av resultatutviklinga i konsernet kommenterte han m.a. at HSD Buss AS og HSD Sjø AS – med unntak av Flaggruten – hadde hatt ei positiv resultatutvikling. For HSD Transport AS var derimot resultatet svært svakt. Resultatutviklinga i konsernet var prega av svært høg oljepris i siste halvår av 2004.

Han kom også inn på endringane i konkurransesituasjonen ved at store delar av selskapet si verksemd vil bli lagt ut på anbod dei komande åra. Tilbodskonkurransen på ferjesambandet Halhjem - Sandvikvåg, som vart lagt ut i 2004, hadde HSD Sjø (saman med Stavangerske) tapt, og vil derfor frå 2007 gå over til ny operatør – Fjord 1/Nordvestlandske. HSD Sjø tapte også eit hurtigbåtanbod i 2004 - mellom Askøy og Bergen. Eitt ferjeanbod var vunne i 2004 – Volda – Folkestad på Møre. Seinare har selskapet vunne ytterlegare to ferjeanbod, alle i samarbeid med Stavangerske. Endringane i marknads/konkurransesituasjonen får store konsekvensar for selskapet gjennom auka konkurranse på alle område, og medfører større økonomisk risiko.

Statsautorisert revisor Geir Inge Lunde, PricewaterhouseCoopers DA, las deretter revisjonsmeldinga.

Leiaren opplyste at bedriftsforsamlinga i møte 31. mars 2005 hadde hatt føre årsoppgjeret for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet.

Bedriftsforsamlinga hadde samrøystes rådd årsmøtet til å fastsetja årsoppgjeret i samsvar med framlegget. Bedriftsforsamlinga hadde i same møte gjort vedtak om at det skulle bli betalt utbyte til aksjeeigarane for 2004 med kr 5,- pr. aksje, med atterhald om årsmøtet si godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga.

Ordet var deretter fritt, og 6 aksjeeigarar hadde ordet til spørsmål og kommentarar i samband med årsoppgjeret og konsernsjefen si orientering.

Om årsresultatet vart det peika på at dette måtte reknast som svakt totalt sett, og særleg i forhold til dei resultatmåla på kr 50 mill. som leiinga hadde førespegla to år

tidlegare. Det vart også vist til selskapet sine mål om driftsmargin på 5 % - som ein var langt frå å nå.

Vidare vart vist til det svake resultatet i Flaggruten og reist spørsmål ved om selskapet bør halda fram med ei slik ulønsam verksemd.

Det vart også teke opp at det i årsmeldinga burde vera opplysningar om kva type anleggsmidlar og kva for eigedomar som var selde. Det vart i den samanheng også vist til salet av HSD Godsbil og bilmateriellet i dette selskapet. Det vart framheva at selskapet ikkje må selja så stor del av anleggsmidlane at det ikkje blir noko att å driva.

Salet av selskapet sin eigedom på Nordnes i Bergen (hovudkontoret) vart spesielt kritisert, med grunngiving i at renta har vore låg medan eigedomsprisane har gått opp. Det vart og vist til at sal av ein slik eigedom skulle vore handsama av bedriftsforsamlinga. Det vart hevda at dette var teke opp på årsmøtet i 2004 utan at det var kome med i referatet frå årsmøtet.

Vidare vart vist til innføringa av mva. på reiser, noko som var ein stor ulempe for mange trafikkantar då billettane var vanskeleg å lesa slik at det medførte problem for trafikkantar som får frådrag for mva.

Det vart elles reist ei rekkje spørsmål i samband med rekneskapen og årsmeldinga, som styreleiar og representantar for administrasjonen svara på – m.a. om godtgjersla til tilsette medlemmer av styra for dotterselskapa, og om selskapet sine kostnader til revisjon som det vart hevda var høgare enn i andre selskap det var naturleg å samanlikna med.

I ordsiftet vart også teke opp § 2 i selskapet sine vedtekter. Det vart vist til at 2. krins – Midthordland - omfattar kommunar som ligg i Nordhordland og at nemninga derfor er misvisande. Nemninga Midthordland bør dessutan ikkje skrivast med t, men som "Midhordland". Møteleiar viste her til at ei slik endring bør takast opp i samband med endringar av vedtektene, og at spørsmålet derfor må vurderast av styret før forslag om endring eventuelt kan leggjast fram.

Til sist vart det vist til vedtaket frå bedriftsforsamlinga om utbyte på kr 5,-. Det vart foreslått at det ikkje skulle betalast utbyte til aksjeeigarane fordi driftsresultatet var svakt og at det var salgsgevinstar – "arvegods"/substansverdiar – som gjorde det mogeleg å gi utbyte. Møteleiar viste til at selskapet sine vedtekter har lagt det til bedriftsforsamlinga å ta avgjerd om utdeling av utbyte, med atterhald om årsmøtet si fastsetting av årsrekneskapen og årsmeldinga. Årsmøtet kunne derfor ikkje endra vedtaket om utbyte utan å underkjenna årsmelding og rekneskap for 2004.

På denne bakgrunn sette Ragnvald Flæten fram følgjande framlegg :

"Årsmøtet er ikkje samd i at det vert betalt utbyte for 2004 på grunn av svakt driftsresultat. Årsmelding og rekneskap kan derfor ikkje godkjennast".

Ved ei prøverøysting over dette framlegget, mot bedriftsforsamlinga sitt framlegg om godkjenning av årsoppgjeret, vart framlegget frå Flæten nedstemt med overveldande fleirtal i årsmøtet, slik at det ikkje vart sett fram krav om skriftleg røysting.

Årsmøtet gjorde derfor følgende

vedtak :       Årsmøtet fastset den framlagde resultatregneskapen og balansen, med styret si årsmelding, som regneskapen til Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet for 2004.

## **5. Vidareføring av fullmakt til styret om kjøp av egne aksjar**

I utgreiing til sak 5 som var sendt ut saman med innkallinga til møtet gjekk fram at styret i møte 17. mars 2005 hadde gitt slik tilråding til bedriftsforsamlinga :

Ved vedtak i årsmøtet 13. mai 2004 fekk styret fullmakt til å kjøpa egne aksjar for inntil 10 % av aksjekapitalen. Fullmakta gjeld i 12 månader frå årsmøtedatoen 13. mai 2004. Styret bør ha ei ståande fullmakt til kjøp av egne aksjar inntil 10 % av aksjekapitalen.

På denne måten vert det etablert ein mogleg handlefridom med tanke på eventuelle kjøp av egedelar/verksemd mot oppgjær i HSD-aksjar, samt løysingar der HSD-aksjar kan nyttast som vederlag ved fusjonar. Kjøp av egne aksjar kan også leggja til rette for å knyta andre verksemdar til selskapet.

Bedriftsforsamlinga hadde i møte 31. mars 2005 slutta seg til styret si tilråding og framlegg til vedtak.

Det kom ikkje merknader til saka.

Vedtak :

1. Styret i Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA får fullmakt til på vegner av selskapet, å kjøpa egne aksjar for samla pålydande inntil kr 1.754.416,-, som tilsvarar 10 % av den noverande aksjekapital.
2. Høgste sum som kan betalast pr. aksje er kr 350,-, minste kr 1,-.
3. Kjøp og avhending av egne aksjar kan skje slik styret finn føremålstenleg. Dette for å leggja til rette for eventuelle kjøp av egedelar/verksemd mot oppgjær i HSD-aksjar, samt eventuelle løysingar der HSD-aksjar kan nyttast som vederlag ved fusjonar. Kjøp av egne aksjar kan også leggja til rette for å knyta andre verksemdar til selskapet. Kjøp kan skje over børs eller direkte frå eigarane.
4. Fullmakta gjeld i 12 månader rekna frå årsmøtet 12. mai 2005.
5. Dersom egne aksjar blir selde, gjeld fullmakta også kjøp av egne aksjar til erstatning for dei som vert selde, så lenge summen av egne aksjar ikkje overstig 10 % grensa.

Vedtaket var samrøystes.

## **6. Val på medlemmer og varamedlemmer til bedriftsforsamlinga**

Leiaren viser til oversynet over bedriftsforsamlinga i sakspapira til årsmøtet, der det gjekk fram kven som var på val i 2005.

Han orienterte om at vallister var lagt ut i vallokalet, og at listene var merka med nummer på krinsen. Valnemnda hadde ikkje motteke andre lister enn dei som valnemnda hadde lagt fram.

Møteleiaren refererte deretter kven som var oppnemnde til medlemmer av røystestyra, og oppmoda aksjeeigarane om å gå til val - kvar i sin krins - og opplyste om kor røystinga skulle skje.

Møteleiaren takka til sist styret, administrasjonen og alle tilsette på sjø og land for god innsats i året som var.

Resultatet av valet går fram av dei neste sidene av referatet.

Arnfinn Langesæter

Ragnar Hareide

Karstein Bremnes